

Notat

Frå: Fylkesdirektøren

Til: Hovudutval for næring og kultur

Orientering om fylkesbiblioteket til HNK 15.03.16

Innleiing

På møte i hovudutvalet 15.mars vil fylkesdirektøren gi ei kort orientering om fylkesbiblioteket si rolle og oppgåver. Gjennom dette notatet kan utvalet orientere seg om saksfeltet.

Fylkeskommunen har etter Lov om folkebibliotek ansvar for å ivareta regionale bibliotekoppgåver. Ansvarer inneber mellom anna å gi råd til lokale styresmakter, yte bibliotekfagleg rettleiing, arrangere kurs og møte og å rapportere inn bibliotekstatistikken for folke- og skulebiblioteka til Nasjonalbiblioteket. Fylkesbiblioteket skal arbeide for å styrkje den bibliotekfaglege kompetansen i fylket og for vidareutvikling av folke- og skulebiblioteka.

Nasjonale føringar for bibliotek

Biblioteklova slår fast at det skal vere eit folkebibliotek i kvar kommune og at biblioteksjefen skal ha bibliotekfagleg utdanning. Lova vart revidert i 2013, og i føremålsparagrafen er no biblioteket si rolle som møteplass og formidlings- og debattarena understreka. For folkebiblioteka medfører dei nye krava behov for høgare kompetanse på mellom anna formidling og marknadsføring. Biblioteka må i aukande grad samarbeide med aktørar i lokalsamfunnet og legge til rette for ulike brukargrupper.

Kulturutredningen 2014 (NOU 2013:4) dokumenterte at folkebiblioteka har vore systematisk underprioriterte i høve til andre kulturtilbod det siste tiåret. Utgreiinga tok til orde for auka satsing på «den kulturelle grunnmuren», deriblant folkebiblioteka. Funna i utgreiinga dannar grunnlag for vidare kunnskapsutvikling og planlegging på bibliotekområdet.

Kulturdepartementet la i 2015 fram Nasjonal bibliotekstrategi 2015-2018. Strategien legg vekt på at biblioteka i endå større grad må satse på digitalisering, og følgjer opp revidert biblioteklov med sterk vekt på biblioteket som formidlingsarena og møteplass.

Opplæringslova krev at alle elevar skal ha tilgang til skulebibliotek. Nasjonalt program for skulebibliotekutvikling 2009-2013 samla erfaringar som kan nyttast i vidareutvikling av skulebiblioteka. Samarbeid mellom folke- og skulebiblioteka er sentralt for å nytte samla ressursar i kommunane på ein god måte.

Situasjonen i Sogn og Fjordane

I Sogn og Fjordane er det totalt 52 bibliotekavdelingar, 26 filialar ved sidan av dei 26 hovudbiblioteka. Ein del av biblioteka, 25 (22 i grunnskule og 3 i vidaregåande opplæring), er kombinasjonsbibliotek. Desse fungerer både som folke- og skulebibliotek. 18 av kommunane har mindre enn to årsverk, og kring halvparten av kommunane har ikkje fagutdanna biblioteksjef eller andre tilsette med bibliotekfagleg utdanning. Det er difor viktig å vidareutvikle samarbeidet mellom kommunane og å styrkje kompetansen til dei bibliotektilsette.

I Strategisk plan for bibliotekutvikling i Sogn og Fjordane 2011-2014 (HK-sak 55/10) ligg vedtekne mål for biblioteksatsinga i fylket. Fylkesbiblioteket reknar framleis planen som gjeldande og førande for arbeidet med utviklinga av biblioteka i fylket, men endra rammevilkår frå sentralt hald og lokale og regionale forhold gjer at det er behov for å oppdatere han. Faktorar som alderssamansetnad i befolkninga, nye grupper innvandrarak og flyktningar, endringar i skulestrukturen, næringsutvikling og ev vedtak om kommunesamanslåingar vert avgjerande for planlegging av bibliotekstruktur og -tilbod framover.

Gjennom prosjektet «Saman for framtida» har fylkesbiblioteket teke initiativ til regionvise biblioteksamarbeid. Det er utarbeidd samarbeidsavtalar i alle regionane.

HK-sak 37/14 legg føringar for vidare satsing på kompetanseutvikling i biblioteka, med vekt på informasjonskompetanse, litteraturkunnskap, digital kompetanse og formidling. Fylkesbiblioteket sine kurs- og konferansetilbod tek utgangspunkt i resultatata frå kompetansekartlegginga.

Fylkesbiblioteket si rolle

Eit sentralt mål for Sogn og Fjordane fylkesbibliotek er å arbeide for formidling av nynorsk språk og litteratur, med særleg vekt på formidlinga til barn og unge. Fylkesbiblioteket står for e-boktilbod, felles katalogsøk og transportordning i samarbeid med kommunane, dei vidaregåande skulane og Høgskulen i Sogn og Fjordane, og har klassesettordning for grunnskulane. Formidling av lokal og lokalhistorisk litteratur er eit satsingsområde. Gjennom utviklingsprosjekt og oppfølging av biblioteksaker i kommunane bidreg fylkesbiblioteket til å løyse ut statlege midlar.

Fylkesbiblioteket arbeider for

- **Å formidle nynorsk språk og litteratur til barn og unge, å øve opp leseglede og leseforståing**

Gjennom klassesettordninga, litteratur- og formidlingskurs, utviklingsprosjekt, nyheitsbrev og ulike samarbeid med folkebiblioteka, skular, barnehagar, Nynorsksenteret, Foreningen !les m.m. arbeider fylkesbiblioteket for formidling av språk og litteratur. Fordi det er i Sogn og Fjordane vi har flest elevar med nynorsk som hovudmål, kring 97 %, har vi eit særleg ansvar for å halde oss oppdaterte på og å formidle den nynorske litteraturen. Vi veit frå nasjonal og internasjonal skuleforskning at norske elevar treng å øve seg på lesing både i breidda og djupna, og at eit godt tilfang av aktuell litteratur bidreg til å utvikle leseferdigheiter og leseforståing.

Prosjektet «Lesarhistoria – ny veg til lesaren» handlar om å vidareutvikle formidlinga med utgangspunkt i det mangfald av trykte og digitale tekstar som barn og unge les. Bibliotek, skular og barnehage i fem kommunar deltek i prosjektet. Høgskolen i Oslo og Akershus følgjer arbeidet og skal syte for dokumentasjon.

I samarbeid med Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa oppretta fylkesbiblioteket i 2015 ei ordning med lesegleदारar, formidlarar av barne- og ungdomslitteratur. Ti lesegleदारar har gjennomgått kurs og tek oppdrag i barnehagar, skular og bibliotek kringom i fylket. Det er etablert samarbeid mellom fylkesbiblioteka på Vestlandet om vidareutvikling av lesegleदारordninga.

Fylkesbiblioteket koordinerer Nettverk for bibliotekarar i vidaregåande opplæring, og har etablert Forum for formidling av barne- og ungdomslitteratur.

- **Å oppretthalde eit språkleg kulturfellesskap**

Litteraturen er ein sentral del av vårt nasjonale og internasjonale kulturfellesskap. Gjennom tekstar av mange slag deler vi erfaringar og utviklar og spreier nye tankar. Biblioteka vidarefører kulturarven gjennom samlingar og tenester. Fylkesbiblioteket tilbyr litteratur- og formidlingskurs, gir råd om samlingsutvikling og yter fellestenester for eit saumlaust bibliotektilbod i fylket (samsøk, transportordning, e-bokordninga).

Gjennom prosjektet «Lettare litteraturnett» utviklar fylkesbiblioteket ein mal for digital formidling av lokale forfattarskap i samarbeid med Nordland fylkeskommune, og byggjer samstundes opp forfattarnett for Sogn og Fjordane. Artiklar frå lokalhistoriske publikasjonar vert registrerte i eigen base.

- **Deltaking i samfunnsliv og demokrati**

Informasjonsflaumen er stor og aukande, og mange har problem med å orientere seg i mengda. Samstundes er tilgang på informasjon og kunnskap om korleis ein skal forstå og bruke informasjonen avgjerande for å kunne delta i samfunnsliv og demokratiske prosessar. Biblioteka har kompetanse og verktøy til systematisering og atffinding, tilbyr kurs i søk og bruk av trykte og digitale kjelder og fungerer som arena for offentleg samtale og debatt. Fylkesbiblioteket tilbyr opplæring for bibliotektilsette og brukarar, turnéar med aktuelle foredragshaldarar/arrangement og byggjer opp digitale informasjonsressursar.

- **Utdanning og livslang læring**

Folke- og skulebiblioteka syter for faglitteratur til elevar og studentar, òg fjernstudentar som sit langt frå utdanningsinstitusjonane. For desentralisert utdanning og livslang læring er gode bibliotektenester avgjerande. Fylkesbiblioteket yter opplæring av bibliotektilsette, og gir råd og hjelp til samlingsutvikling og fellestenester (samsøk, transportordning, e-bokordninga).

- **Bibliotektilbod til flyktningar og andre grupper med særlege behov**

Tilgang til gode bibliotektenester er særleg avgjerande for grupper som står i fare for å falle utanfor. Folkebiblioteka er mellom dei viktigaste møteplassane for flyktningar og arbeidsinnvandrarar. Fylkesbiblioteket arbeider for å styrkje tilbodet til desse gruppene mellom anna ved fagsamlingar og prosjektutvikling. For eldre og menneske med nedsett funksjonsevne motiverer fylkesbiblioteket til utvikling av tilrettelagde tilbod (t.d. Bok til alle-tilbodet i regi av Lesar søker bok-satsinga og tilboda frå NLB, biblioteket for punkt og lyd). I samarbeid med kulturavdelinga vert det arrangert kurs for leseombod, dvs frivillige som les for andre.

Fylkesbibliotekets oppgåver kan samanfattast slik:

Regionale bibliotekoppgåver, t.d.

- administrerer og følgjer opp samsøk, felles katalogsøk for folkebiblioteka, dei vidaregåande skulane og Høgskulen i Sogn og Fjordane
- administrerer felles transportordning for folkebiblioteka og Høgskulen i Sogn og Fjordane, og bidreg med om lag ein tredel av finansieringa
- administrerer og kjøper inn til felles e-bokordning for folkebiblioteka og dei vidaregåande skulane. Fylkesbiblioteket står for innkjøp av systemet og opplæring, medan dei deltakande biblioteka har forplikta seg til å overføre ein liten del av dei årlege mediebudsjetta til ei felles e-boksamling.

- driv klasesettordning for grunnskulen
- kvalitetssikrar og følgjer opp statistikk for folkebiblioteka og skulebiblioteka, og rapporterer til Nasjonalbiblioteket

Regional bibliotekutvikling, t.d.

- initierer og støttar opp om regionale biblioteksamarbeid om drift og utvikling
- initierer og leier utviklingsprosjekt og hentar inn eksterne utviklingsmidlar
- arbeider for utvikling av bibliotektilbod til flyktningar og innvandrarak og andre grupper med særskilde behov
- koordinerer biblioteknettverk for dei vidaregåande skulane og for formidlarar i grunnskule

Gir råd til lokale myndigheiter, t.d. ved

- stillingsutlysingar og tilsetjingar (for å imøtekome krav i biblioteklova)
- planarbeid
- bygging av nye lokale eller flytting, utforming og innreiing
- samarbeid mellom bibliotek og skule, barnehage, organisasjonar m.m. lokale prosjektsøknader

Yter bibliotekfagleg rettleiing og assistanse, t.d.

- val og drift av biblioteksystem
- lånesamarbeid
- samlingsutvikling (innkjøp, oppstilling, kassering)
- marknadsføring og biblioteka sine nettsider
- arrangementsutvikling (biblioteka som arena for formidling og offentleg samtale og debatt)
- samarbeid med DKS om planlegging av litterære program og klasesett
- utgir nyheitsbrev om ny barne- og ungdomslitteratur i samband med klasesettordninga
- formidlar fagleg informasjon via nettsider, Facebook

Arrangerer møte og kurs om bibliotekspørsmål

- studiepoenggivande kurs
- konferansar, samlingar, fagmøte og arrangement i løpet av året, aleine eller i samarbeid med andre
- bidreg med foredrag/kurs i folke- og skulebiblioteka og innlegg på regionale og nasjonale konferansar
- samarbeid om nasjonal nynorsksatsing

Oppsummering

Biblioteklova fastset kva oppgåver fylkeskommunen og kommunane har på bibliotekområdet. Nasjonale føringar legg vekt på biblioteket som møteplass og arena for offentleg samtale og debatt. I Sogn og Fjordane gir små bibliotekkeiningar og låg del tilsette med bibliotekfagleg utdanning spesielle utfordringar. Fylkeskommunen kan styrkje biblioteka gjennom arbeid for regionale biblioteksamarbeid, kompetanseheving og prosjektutvikling. I vårt fylke er òg formidling av nynorsk språk og litteratur ei prioritert oppgåve. Folkebiblioteket er ein særleg viktig arena for flyktningar og innvandrarak. Biblioteket er eit kulturtilbod som er gratis tilgjengeleg for alle og som finst i alle kommunar. Med høgre tal busette flyktningar og asylsøkjarak vil det vere behov for å utvikle meir differensierte bibliotektilbod framover.